

Tevling i Hesteskasting



Hefte er revidert av
Norges Bygdeungdomslag.

Regel i hesteskasting

1. Ein skal nytte vanlige hestesko. Maks. tyngde 600 gram. Maks. opning 8 cm.
2. To stikker, ca. 20 cm høge, står ca. 10 meter frå einannan.
3. To på kvart lag (parkasting) står ved kvar si stikke (maks. avstand fra stikka ca. 20 cm) og kastar kvar sin veg. Deltakarane har ikkje lov å pendle fram og tilbake mellom stikkene under konkurransen.
4. Kvart lag brukar to sko. Begge skoa vert kasta etter einannan. Det kan ikkje vere meir enn tre lag som kastar samstundes på same bane, og ein skal då bytast om å kaste, som nr. 1, 2 og 3.
5. Kun den skoen som er nærast stikka tel poeng (1 poeng). Om same lag har begge sine sko nærast stikka gjev det 2 poeng.
6. Sko som står oppetter stikka gjev åleine 2 poeng. Om same laget har begge sine sko nærast stikka gjev det 2 poeng.
7. Sko som ligg rundt stikka slik at ei rett line mellom enda på skoa går fordi stikka, gjev 3 poeng. Andre skoen, om den er nest nærast stikka, gjev poeng etter den poengverdien den har. To sko rundt stikka av same lag i same omgang gjev 6 poeng.
8. Om ein sko vert hengande oppå stikka utan å berøre marka gjev dette 10 poeng.
9. Om to har lik poengverdi på ei runde, vil begge laga få tilskrive poengverdien. Om to lag har t.d. en trear kvar, vil begge laga få 3 poeng. Likeins om avstanden til stikka er heilt lik, vil begge laga få 1 poeng.

10. Fyrste lag som får 21 poeng har vunne. I cup-kasting må ein vinne med 2 poeng. Arrangøren kan i innleinan de runder senke slutsummen frå 21 til min. 15 poeng.
11. I fylkes- og Noregsmeisterskap skal ein kunne nytte valfrie sko innanfor punkt 1 i reglane.
12. Til cup-kastina går ein med høgst poengsum etter seriekastinga vidare. For å avgjere ved lik poengsum brukar ein totalscore. Viadre deltaking til cup reiknar ein berre totalscore. Dersom det er kasta ulikt antal kampar, brukar ein gjennomsnittsscoren for å finne totalscor på likt kasta kampar.
13. Ved brot på gjeldane reglar kan kastaren/laget misse sine poeng. Kastaren kan etter 3 advarslet visast bort frå denne bana og konkurrentane får så poenga i denne runda.
14. Kastanrene kan anke domarsvgjerdlsa til stemnet sin jury.
15. Arrangøren kan pålegge kastarane å notere poeng i innleiande runde i serie. Det skal då vera minst ein domar på kvar serie.
16. Dersom ein sko vert slegen sund under kastinga, skal det kastast ein ny sko.

LUKKE TIL MED HESTESKOKASTINGA

